

## TILSYNSRAPPORTERING FRA HELSE FØRDE HF

FOR MAI 2018 – DATO 07.06.2018

| HELSE-FØRETAK | OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET     | DATO FOR TILSYNS-RAPPORT     | HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?   | FRIST FOR LUKKING AV AVVIK | STATUS I SAKA  | SAK AVSLUT TA DATO |
|---------------|---------------------------------|------------------------------|--|----------------------------|--|--------------------|
| Helse Førde   | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | Førebels rapport av 01.07.16 | 2 systemavvik, gjeldande oppstart tid behandling og organisering i mottak. | Ny frist: 1.06.2018        | <p>Om avvika:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomgang av journalar viser manglar gjeldande start av behandling med antibiotika innan tidsfristar sett i nasjonale faglege retningslinjer og interne prosedyrer. Leinga har ikkje organisert akuttmottak med tilstrekkelege sjukepleieressursar til rask triagering/prioritet ved stor pasienttilstrøyming.</li> </ul> <p>Endeleg rapport mottatt 8.9.2016. Tilbakemelding om forbetringstiltak sendt fylkesmannen (FM) den 4.11. 2016. Brev frå FM 11.11 – gode tilbakemeldingar på tiltaka, ønsker ny status frå HFD innan 15.2.17</p> <p>Tilbakemelding til FM i brev av 10.02.2017 Skildring av iverksette tiltak.</p> <p>ePhorte sak 2016/1139.</p> <p>Sjå elles rapportar frå føregåande mnd.i 2017</p> <p>Ny journalgjennomgang november 2017</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fylkesmannen har ikke mottatt statistikk som viser hvordan dere styrer og hvordan øverste ledelse følger med.</li> <li>• 12 av 17 pasienter med sepsis med organdysfunksjon har fått ab innen to timer</li> <li>• 5 (av 17) pasienter med organsvikt ventet mer enn to timer på ab. Tre av disse ventet mer enn fire timer.</li> </ul> <p>Vi vil be om en ny tilbakemelding om 6 mndrfor å se at ingen pasienter med sepsis og organdysfunksjon må vente mer enn en, høyden to timer på å få startet med antibiotika dersom det ikke foreligger helt spesielle grunner til dette. Tid til lege er en prosessindikator dere bør se nærmere på.</p> <p>Statistikk over sepsispasientar er ettersendt Fylkesmannen, Avventar endeleg rapport etter tilsynet. Sidan vi ikkje har fått NPR-nummera (pasient-ID`ane) frå Fylkesmannen over faktisk gjennomgatte pasientar, veit vi ikkje om desse samsvarar med denne statistikken. Vi vil gå gjennom alle pasientane som tilsynet gjaldt, når vi har motteke NPR-nummera.</p> |                    |

**Medisinsk avdeling tek funna på alvor og er i full gang med å sjå på ytterlegare forbetringstiltak. Desse skal rapporterast til Fylkesmannen innan 01.06.18.**

Gjeld t.d.

- Sikre rett triagering
- Registrere tid for legeoppmøte
- Forbedre tid for oppstart antibiotika
- Forbedre koding av bidiagnose R65.9 Sepsis

Som del av forbetringa gjeld og behov for utvikling av funksjonalitet i MEONA (del av Helse Vest-prosjektet) og å få erfaring med satsinga på tidleg oppdaging av forverra tilstand inkl.sepsis (del av pasienttryggleiksprogrammet).

Det vert også sjekka ut kva dei andre føretaka, som kan vise til betre resultat, har gjort.

Gjennomgang viser at Helse Førde kan forbetre tida til triage. Tid til legevurdering er i liten grad registrert. Vi tilrår at denne styringsparameteren blir dokumentert. Erfaring frå andre sjukehus viser at dette er viktige styringsparametre som leiinga bør følgje med på, saman med tida det tek til oppstart av antibiotikabehandling.

Resultata samla sett viser at Helse Førde framleis må arbeide for å nå målet i nasjonale retningsliner om at pasientar med alvorleg sepsis får oppstart av antibiotika innan ein time etter å ha komme til sjukehuset. Ber derfor om at Helse Førde innan **01.06.2018** viser korleis de styrer og har forbetra behandlinga til denne pasientgruppa i Akuttmottaket ved Førde sentralsjukehus og legg fram tal som viser dette.

Den 02.05.2018 oversendte Helse Førde data frå pasientar som var innlagt med sepsisproblematakk i tida frå september 2017 til mars 2018.

- Helse Førde vurderer at triagering av pasientar er innafør akseptabelt nivå.
- Oppstart av antibiotika: Utviklinga av sepsisbehandling i Akuttmottak har blitt betre. Både mediantid og gjennomsnittstid har gått ned. 59 % av pasientane har fått antibiotika innan 1 time og 88,2 % innan 2 timar.

Ephortesak 2016/1139

**ANDRE TILSYNS- OG KLAGEORGAN:  
OVERSIKT OVER SAKER SOM IKKJE ER AVSLUTTA I PERIODEN.**

| MYNDIGHETS-<br>ORGAN | HELSE-<br>FØRETAK | OMRÅDE OG<br>TEMA FOR<br>TILSYNET  | DATO FOR<br>TILSYNSR<br>APPORT                            | HAR RAPPORTEN<br>DOKUMENTERT<br>AVVIK?   | FRIST FOR<br>LUKKING AV<br>AVVIK    | STATUS<br>I SAKA   | SAK<br>AVSLUTTA<br>DATO |
|----------------------|-------------------|--|---|--|-------------------------------------|--|-------------------------|
| Arbeidstilsynet      | Helse Førde       | Ambulansetenesta. Nasjonal tilsynskampanje «Føre var» med særleg fokus på førebygging av muskel- og skjelettplager, tilsyn mai 2011. | 19.10.2011<br>Nytt brev frå Arbeids- Tilsynet av 02.12.15 | Det blei gitt 11 pålegg. 10 er lukka, 1 er søkt disp. frå, gjeld arbeidslokale og personalrom på ambulansestasj. | Ny frist for pålegget er 30.09.2018 | Helse Førde har hatt dispensasjon når det gjeld, Selje, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Gulen, Vik, Høyanger, Lavik, Fjaler og Sogndal. Helse Førde har søkt Arbeidstilsynet om ny dispensasjon til 30.6.17. Oppsummering frå møte med tilsynet gjennomført 26.01.2017: Helse Førde sender Arbeidstilsynet ei oversikt over alle ambulansestasjonane der det blir gitt status OK eller Avvik på følgjande punkt: Garasje – utrykkingskøyretøy, Garderobe, Vaskerom, Toalett-dusj, Ventilasjon, Kvilerom/soverom<br>Frist for tilbakemelding 1. april 2017. Når det gjeld Sogndal ambulansestasjon opplyste Helse Førde at det står att nokre forhold som må avklarast med Sogndal kommune før ein kan setje i gang med nybygg. Frist for tilbakemelding 1. april 2017. Helse Førde må dokumentere at dei tilsette har medvirka båd når det gjeld utforming av nye lokale og midlertidige tiltak der dette er aktuelt. Brev til Arbeidstilsynet 17.03. Dialog med Sogndal kommune syner semje mellom partane. Det vert elles synt til semje i brukargruppa på det teikningsframlegget som no ligg føre. Helse Førde har parallelt søkt tilsynet om samtykke, tiltak, sjekklister og uttale frå vernetenesta. Nytt brev til Arbeidstilsynet i brev av 6.04. Ephorte sak 2011/1349<br>Tilbakemelding på status/oversikt øvrige ambulansestasjonar - Oversikt på oppdatert status på øvrige stasjonar. Dette svarar ut punkta – sjå over - som Arbeidstilsynet har etterspurt. Helse Førde vonar desse tilbakemeldingane viser at føretaket har fokus og prioriterer betring av tilhøva for dei ambulansetilsette. |                         |

|                  |     |  |            |                            |                   |  |
|------------------|-----|--|------------|----------------------------|-------------------|--|
|                  |     |  |            |                            |                   | <p>Nytt brev frå Arbeidstilsynet av 3.05.2017. Vedtaket av 19.01.2012 vert gjort om når det gjeld fristen, jf. forvaltningslova § 33. Ny frist for pålegget er 30.09.2018. Verksemda skal sende skriftleg tilbakemelding til Arbeidstilsynet. Pålegg vert ikkje rekna for etterkomne før Arbeidstilsynet har motteke tilbakemelding som syner at pålegg er utført, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 sjette ledd. Meldinga skal vere underteikna av arbeidsgjevar eller den som har fullmakt frå arbeidsgjevar. Meldinga kan også underteiknast av verneombod eller tilsette sin representant. Inga ny hending i ephorte-sak 2011/1349</p> |
| <b>DSB</b>       | HFD | <ul style="list-style-type: none"> <li>* Vedlikehold av elektromedisinsk utstyr/risikovurderinger.</li> <li>* Opplæring i bruk av elektromedisinsk utstyr</li> <li>* Opplæring av teknisk personell</li> <li>* Melding av uønskede hendelser når medisinsk utstyr er brukt</li> <li>* Vedlikehold av elanlegg/risikovurderinger</li> </ul> | 15.01.2018 | Tre avvik<br>Tre merknadar | <b>12.04.2018</b> | <p><u>Avvik</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Manglande kvalitetssikring at helsepersonell i korttidsengasjement og frå vikarbyrå har tilfredstillande kompetanse i bruk av elektromedisinsk utstyr.</li> <li>2) Manglande oversikt om elektriske anlegg innan medisinske områder er ”egnet til den forutsatte bruk”.</li> <li>3) Manglande oversikt om det førebyggane elsikkerhetsarbeidet Caverion AS utfører følger oppsatt plan.</li> </ol> <p>Tilbakemelding med status for lukking avvika blei sendt til DSB 12.04.18</p> <p>Inga ny hending i sak 2017/4075.</p>   |
| <b>Etrygg AS</b> | HFD | El-tryggleik. Systemtilsyn med kontroll av styring med aktiviteter og utstyr med betydning for HMS.  | 12.04.18   | Tre avvik                  | <b>12.07.18</b>   | <p>Avvik Nordfjord sjukehus:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Det var ikkje samsvar mellom fagleg ansvarliges kvalifikasjonar og registrerte faglege virkeområde.</li> <li>2) Føretaket hadde ikkje rutine for ajourhold av registrerte opplysningar.</li> <li>3) Føretaket hadde ikkje rutinar for vedlikehald av verktøy, verneutstyr og anleggsbeskyttelse.</li> </ol> <p>Inga ny hending i sak 2018/1422</p>  |

|                            |     |   |          |           |                 |   |  |
|----------------------------|-----|---|----------|-----------|-----------------|---|--|
| <b>Årdal<br/>Brannvern</b> | HFD | Integrering av<br>brannførebygging i<br>HMS-systemet.<br>Verifisering av HMS-<br>systemet ved<br>gjennomgang av<br>branndokumentasjon<br>for objektet.<br>Verifisering av<br>branndokumentasjon<br>ved synfaring. | 27.02.18 | Fem avvik | <b>19.05.18</b> | Avvik Lærdal sjukehus:<br>1) Det må bli utarbeida ei brannteknisk<br>tilstandsanalyse på objektet.<br>2) Det må utarbeidast ei risikokartlegging.<br>3) Kontroll og vedlikehald; det er utarbeida<br>plan for kontroll, men planen er ikkje<br>fullstendig og ikkje alt blir gjennomført<br>som forutsett.<br>4) Eigardokumentasjon er kun delvis<br>utarbeida.<br>5) Brannvernplan må implementeres.<br><br>Helse Førde ga sin tilbakemelding med<br>framdriftsplan for lukking av avvika den<br>19.04.18. Plana viser at samtlige avvik blir retta<br>innan november 2018.<br><br>Inga ny hending i sak 2006/85 |  |
| <b>Klageorgan</b>          |     |   |          |           |                 | Inga ny hending   |  |

Tabellen ovanfor inneheld **systemtilsyn** under oppfølging. Rapporten inneheld ikkje kommande tilsyn eller der tilsynsbesøk er gjennomført, men rapport ikkje ligg føre. Heller ikkje tilsyn utan avvik.

Helse Førde har registrert **totalt 5** tilsyn og revisjonar i perioden 1.5. – 31.05.2018 – 2 av desse vidareført frå 2017. Desse kontrollane vert utført av både eksterne offentlege tilsynsorgan og andre revisjonsorgan.